

RAUMA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Fast planutvalg	30.06.2010	065/10	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K01 Objekt:	Arkivsaknr 09/2455
--------------------------------------	--	------------------------------

BRUK AV HELIKOPTER VED GRENSEMERKING AV REINHEIMEN NASJONALPARK MED TILLIGGJANDE VERNEOMRÅDE - NORD-GUDBRANDSDAL JORDSKIFTERETT

Vedlegg:

Søknad frå Nord-Gudbrandsdal Jordskifterett

Andre vedlegg:

Verneforskriftene for

- [Reinheimen nasjonalpark](#)
- [Romsdalen landskapsvernområde](#)
- [Trollstigen landskapsvernområde](#)

Saksopplysninger:

Rauma kommune har som forvaltningsmyndigheit for verneområde i Reinheimen innanfor eigen kommune ansvaret for å merke og vedlikehalde merkinga av verneområda. Nord-Gudbrandsdal jordskifterett har etter oppdrag frå forvaltningskommunane gjennom Kontaktutvalet for Reinheimen teke på seg å avmerke verneområdet i Reinheimen. For å løyse oppdraget ser dei for seg 3 alternative transportmåtar i området:

- Merking til fots med utgangspunkt i næraste bilveg.
- Merking på seinvinteren med bruk av snøskuter.
- Merking med helikoptertransport til dei fleste punkta.

Merkearbeidet er omfattande. Det er ca 420 km grense, ca. 280 grenseknekkpunkt og i det minste 20 mellompunkt på land som må merkjast. For å få eit mest mogleg rasjonelt grunnlag for arbeidet og for å kunne veksle mellom å merke til fots, ved hjelp av snøscooter og bruk av helikopter vil arbeidet kunne gjennomførast mest effektivt.

Jordskifteretten si eiga vurdering er:

- Innleigd mannskap i eit slikt omfang, med målelag utan erfaring frå slikt arbeid, er litt utfordrande for jordskifteretten både for kvalitet og framdrift av arbeidet.
- Merking til fots 70 % dyrare
- Bruk av helikopter har vore nytta ved merking av større verneområde den seinare tid, t.d. Folgefonna.

I vernevedtektene for Romsdalen og Trollstigen landskapsvernområder heiter det mellom anna:

§3. Vernereglar

5.1. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.

5.2. Reglane i punkt 5.1. er ikkje til hinder for:

Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, og tiltak i samband med ambulanse, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

I vernevedtektene for Reinheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

§3. Vernereglar

6.11. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

6.2. Reglane i pkt. 6.1. er ikkje til hinder for:

a) Nødvendig motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, rednings-, brannvern-, og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

Vurdering:

Jordksifteretten har levert ein søknad som skisserer greitt korleis dei ser for seg arbeidet med grensemerkinga utført. Grensemerkinga er heilt grunnleggjande for å kunne få utført ei god forvaltning av verneområdet, og ein kan ikkje sjå at saka vil skape presedens for andre saker, da det ikkje finst liknande. Ut ifrå dei kunnskapar ein har er det villreinen som kan bli påverka av verksemda negativt. Det er derfor viktig, som søkaren sjølv skisserer å kunne veksle mellom fleire alternative transportmåtar. Dette må skje i samråd med SNO-oppsynet som kan halde oppdragstakaren oppdatert, og gje råd om framdriftsmåtar.

Søkaren si tilnærming til natur og miljø vil gjennom god praktisk planlegging av merkinga ikkje føre til negative verknader på natur og miljø. Merkinga vil føre til at det blir nedsett metallmerke i alle knekkpunkt på grensene i og rundt verneområde. Desse er av aluminium og vil ikkje føre til forringelse anna enn estetisk heilt lokalt på staden. Oppdragstakar har skissert eit opplegg der ein brukar alternative metodar for merking og transport som ved rett val vil gje liten eller ingen skade på miljøet.

INNSTILLING:

Rauma kommune gir Nord-Gudbrandsdal Jordskifterett løyve til å frakte utstyr i samband med oppmerking av grensene for verneområda i Reinheimen som ligg i Rauma kommune. Dette gjeld Reinheimen nasjonalpark og Romsdalen og Trollstigen landskapsvernområder.

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskriftene for Romsdalen og Trollstigen landskapsvernområder § 3, punkt 5.2 og forskrift for Reinheimen nasjonalpark, § 3 punkt 6.2 a), på følgjande vilkår:

Vilkår

- Det skal ikkje flygast i område der villrein oppheld seg, og naturopsynet skal kontaktast før flyging for innhenting av informasjon om kvar reinen står.

Ifølge §8 i lov om motorferdsel i utmark skal dette foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og mennesker.

30.06.2010 FAST PLANUTVALG

PLAN-065/10 VEDTAK:

Avstemming: 4 for innstilling, 3 i mot.

Rauma kommune gir Nord-Gudbrandsdal Jordskifterett løyve til å frakte utstyr i samband med oppmerking av grensene for verneområda i Reinheimen som ligg i Rauma kommune. Dette gjeld Reinheimen nasjonalpark og Romsdalen og Trollstigen landskapsvernområder.

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskriftene for Romsdalen og Trollstigen landskapsvernområder § 3, punkt 5.2 og forskrift for Reinheimen nasjonalpark, § 3 punkt 6.2 a), på følgjande vilkår:

Vilkår

- Det skal ikkje flygast i område der villrein oppheld seg, og naturoppsynet skal kontaktast før flyging for innhenting av informasjon om kvar reinen står.
- Ifølge §8 i lov om motorferdsel i utmark skal dette foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og mennesker.

-